

Partnerskapsavtale – Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, SIVA, Innovasjon Norge og Noregs Forskningsråd

1 Innleiing

Mål med avtalen:

Avtalen skal klargjere ansvar, roller og retningslinjer for å nå felles mål.

Forankring:

- Verdiskapingsplanen – i samsvar med vedtak i Fylkestinget 12.-13. juni 2018. Sjå sak 25/2018 her: <http://www.sfi.no/offentlig-mote-fylkestinget-12-06-2018.344489.nn.html?mid=108501.87203b2519>
- Regional næringsplanen for Hordaland 2013 – 2017 og tilhøyrande Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling 2018 – 2019
- Nasjonal samarbeidsmodell mellom IN, SIVA, NFR, FK av 2018 (vedlagt)

I nasjonal samarbeidsmodell står det:

Det inngås årlige rullerande samarbeidsavtaler mellom regionen og de regionale virkemiddelaktørene, som med utgangspunkt i bl.a. regionale planer og tilhøyrande handlingsplaner definerer samarbeidsrutiner og oppfølgingsansvar mellom partene om konkrete oppgaver.

Avtalen er utforma som eit dokument som både gjeld samarbeid mellom alle samarbeidspartane og med to vedlegg der aktivitet forankra i dei to relevante regionale planane, er omtala

Tidsrom:

Frå 1/9 2018. Avtalen gjeld til nytt fylke er etablert og/eller ny avtale signert.

2 Avgrensing

Denne avtalen avgrensar seg til arbeid og ambisjonar der det er klare berøringspunkt mellom dei nasjonale verkemiddelaktørane. Ut over dette vil fylkeskommunane samarbeide individuelt med kvar av dei tre.

Avtalen har ei operativ form og er knytt opp mot arbeid prioritert i regionale planar i dei to fylka.

Intensjonen har vore å identifisere nokre punkt vi har felles i dei to styringsdokumenta for å få etablert samarbeid om nokre utviklingsoppgåver.

3 Utviklingsoppgåver Hordaland og Sogn og Fjordane prioriterer å utvikle samarbeid om

Sjølv om det så langt ikkje er utforma felles regionale planar for næringsutvikling for det framtidige Vestland fylke, er det identifisert 2 ambisjonar vi vil samarbeide om:

- Katapult-ordninga

Infrastruktur for test og demonstrasjon vert no utvikla med utgangspunkt i Katapult-ordning. Miljø som så langt ikkje har nådd opp i konkurransen om status som nasjonale katapultsenter, bør søkje samarbeid med utnemnde senter. Partane vil arbeide for at katapultsentra vert nyttige verkemiddel for næringslivet i regionen.

- Klyngeprogrammet

I det nye klyngeprogrammet er det føresett at innovasjon Norge konsulterer fylkeskommunane ved opptak og ved utgang av programmet. Dei to fylka vil gjennomføre denne konsultasjonen i lag

Felles retningslinjer

I arbeidet er partane samde om:

- Partane legg til grunn prinsippa for samfunnsansvar og berekraftig utvikling og inkluderer denne føringa i årsrapportar.
- Store samfunnsutfordringar skal ha prioritet; det grønne skiftet, modernisering av velferdstenester, store teknologiskifte
- Initiativrike miljø vert prioriterte. Partane erkjenner at innovasjon lukkast best «nedanfrå og opp»
- Arbeidet med omstilling og nyskaping skal vere forankra i eksisterande styrke i regionen og knytast til tenkinga «smart spesialisering». Vidare dialog om kva dette inneber i praksis, vert basert på KMD-rettleiar lansert i september 2018

Underskrifter

Stad og Dato

08.11.2018

Stad og Dato


.....
Sogn og Fjordane fylkeskommune


.....
Hordaland fylkeskommune

Stad og Dato


.....
SIVA

Stad og Dato


.....
Noregs Forskningsråd

Stad og Dato


.....
Innovasjon Norge Vestland

Vedlegg:

- 1 Nasjonal samarbeidsmodell
- 2 Avtale som gjeld verdiskapingsplanen i Sogn og Fjordane